

Mange bekker små

Jobbsøkarkurs for personar med funksjonsnedsettingar som mottar arbeidsavklaringspengar (AAP) eller uføretrygd, og deira erfaringar med jobbsøkarprosessen.



Oppsummering av rapporten

DENNE rapporten inneheld informasjon om og erfaringar frå jobbsøkarkursa som Unge funksjonshemmede arrangerte i 2014, 2015 og 2016. Rapporten inneheld også viktig informasjon om kva deltakarane opplever som barrierar for deltaking i arbeidslivet.

Eit jobbsøkarkurs med fokus på motivasjon og mestring for personar som står langt frå arbeidslivet kan vere ein god måte å auke sysselsettinga hjå denne målgruppa. Dette jobbsøkarkurset har ført til at nokre deltakar har komme i jobb, utdanning eller annan aktivitet, og at resten har komme nærare arbeidslivet enn før av deltakarane.

Deltakarane på jobbsøkarkurset møtte seks sentrale utfordringar som hinder for arbeidslivsdeltaking. Den første var stor avstand til arbeidslivet, den andre var at funksjonsnedsettinga deira blei sett på som ein barriere for yrkesdeltaking, den tredje var at det var lite kunnskap om tiltaka og mulighetene i NAV. Den fjerde barrieren var mange fordommar mot arbeidsgivarar og den femte var mangel på tilpassa stillingar. Den sjette og siste utfordringa var manglande tru på egne evner.

Ane Lindholt, Sofie Emma Bejbro Andersen og Stine Mari Nytun Leirdal har alle vore prosjektleiarar for prosjektet i Unge funksjonshemmede. Sistnemnde har hatt ansvar for å utarbeide denne rapporten.

Illustrasjon og layout: Thomas Sørлие Hansen
Trykk: CopyCo/Trykk24

Innhold

Oppsummering av rapporten	s. 2
Bakgrunn, formål og metode for prosjektet.....	s. 4
Bakgrunn for rapporten	s. 4
Formålet med prosjektet	s. 4
Metoden for prosjekt.....	s. 4
Jobbsøkarkurs for unge med funksjonsnedsettingar som mottar AAP eller uføretrygd	s. 5
Organisasjon av og program for jobbsøkarkursa	s. 6
Viktigheten av den sosiale biten av kursa.....	s. 7
Kva slags utfordringar møtte deltakarane på kurset i møte med arbeidslivet?.....	s. 8
Stor avstand til arbeidslivet	s. 8
Funksjonsnedsettelsen blei opplevd som ein sentral barriere.....	s. 8
Lite kunnskap om tiltak og mulighetene i NAV.....	s. 8
Fordommar mot arbeidsgivarane	s. 9
Mangel på tilpassa stillingar	s. 9
Manglande tru på egne evner	s. 9
Kva har me oppnådd med jobbsøkarkursa?.....	s. 11
Unge funksjonshemmede sine anbefalingar basert på rapporten	s. 12

Tusen takk til alle som deltok på kurs og som delte erfaringane dykkar med oss. Utan dykk hadde ikkje denne rapporten blitt til.

Hjarteleg takk til referansegruppa og prosjektgruppa som har gitt gode innspel under heile prosjektperioden. Me ynskjer også å rette ein stor takk til JobbX Karrieresenter for ungdom for godt samarbeid.

Og sist men ikkje minst ynskjer me å takke ExtraStiftelsen som har støtta prosjektet.



Bakgrunn, formål og metode for prosjektet

PROSEKJET «Mange bekker små» er gjennomført av Unge funksjonshemmede med støtte frå ExtraStiftelsen. Dette har vore eit treårig prosjekt som starta opp i 2014 og som blir avslutta i januar 2017.

BAKGRUNN FOR PROSEKJET

Bakgrunnen for prosjektet er at mange med nedsett funksjonsevne som står utanfor arbeidslivet, ynskjer ein jobb. I 2016 var denne andelen 24 prosent, som svarar til kring 85 000 personer. Om fem prosent av personane med nedsett funksjonsevne som i dag står utanfor arbeidslivet får ein jobb, vil samfunnet kunne realisere ein gevinst på 13 milliardar kroner i løpet av 10 år¹.

Det ligg med andre ord ein stor samfunnsøkonomisk gevinst i at fleire kjem i arbeid, og denne effekten kjem i tillegg til ei rekke positive effektar som enkeltindividet har av arbeidsdeltaking, eksempelvis auka inntekt, nettverk og mestringskjensle.

FORMÅLET MED PROSEKJET

Hovudmålet med prosjektet var å gjere det lettare for unge uføre å kombinere uføretrygd med litt lønna arbeid, gjennom auka kunnskap om utfordringar og utprøving av metodar. Delmåla var å (1) auke kompetansen om dei utfordringane som møter unge uføre som ynskjer å arbeide litt ved sidan av uføretrygda, (2) finne gode eksempel på arbeidsgivarar som har tilsett personar med funksjonsnedsettingar i deltidsstillingar og (3) auke kompetansen hjå arbeidsgivarar om behovet for deltidsstillingar blant unge med funksjonsnedsettingar og kronisk sjuke. For å oppnå prosjektet sine mål blei det arrangert fire kurs retta mot unge med funksjonsnedsettingar og kronisk sjuke på AAP eller uføretrygd som ynskte å bruke restarbeidsevna si.

I utgangspunktet skulle prosjektet berre dreie seg om personar på uføretrygd, men grunna lite oppslutning blei gruppa utvida til å gjelde personar på AAP. Denne gruppa er rekna å stå nærmare arbeidslivet enn personar på uføretrygd.

METODEN FOR PROSEKJET

Prosjektet har blitt gjennomført gjennom å arrangere fire jobbsøkarkurs for personar på AAP eller uføretrygd. Slik har me samla informasjon om dei utfordringane unge som ynskjer å få ein jobb som passar til restarbeidsevna deira har.

Gjennom nettverket vårt har me funne gode eksempel på arbeidsgivarar som har tilsett personar med funksjonsnedsettingar og vist desse fram. I tillegg har me jobba for å gjere arbeidsgivarar meir bevist på at det er eit behov for tilpassa stillingar, gjerne deltidsstillingar, for unge personar med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar.

Prosjektet har hatt ei referansegruppe gjennom heile prosjektperioden. I denne sat det representantar for Unge funksjonshemmede, LO, Virke, YS og NHO. Denne gruppa har gitt verdifulle innspel og har vore med på å heve kvaliteten på prosjektet. Sjølv om referansegruppa har vore med i prosjektet, er dei ikkje ansvarlige for resultatet. Eventuelle feil og manglar ligg i prosjektleiaranes hender.

¹ Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, «Levekårsstatus for personer med nedsatt funksjonsevne».

Jobbsøkarkurs for unge funksjonshemmede

2014, 2015 og 2016 arrangerte Unge funksjonshemmede fire jobbsøkarkurs for unge med funksjonsnedsettingar på AAP eller uføretrygd. Målet var å finne ut kva som var utfordringane for at fleire i målgruppa skulle få ein jobb, for deretter å hjelpe deltakarane inn på arbeidsmarknaden. Det som skil dette jobbsøkarkurset frå andre jobbsøkarkurs er at kursopplegget er utarbeida i samråd med deltakarane og representantar frå Unge funksjonshemmede, LO, Virke, YS og NHO.

Det var i alt 29 deltakarar innom kursa, av desse var det 24 kvinner og fem menn. På kvart av kursa var det gjennomsnittleg 16 personar. Dette betyr at fleire av deltakarane deltok på alle kursa, medan andre deltok på delar av kursrekka. Deltakarane er født mellom 1974 og 1990, og dei fleste var født i perioden 1980-1990. Kring halvparten av deltakarane var mellom 18 og 30 år og dermed inkludert i Jobbstrategien². Nokre av deltakarane hadde synlege diagnoser, andre hadde usynlege diagnoser, medan andre hadde både synlege og usynlege diagnoser.

Halvparten av deltakarane var på uføretrygd, og den andre halvparten på AAP. Det var stor variasjon i kor mykje den enkelte vurderte han eller ho kunne jobbe – alt frå 10 til 100 prosent. Dei fleste hadde noko jobberfaring, men generelt ikkje så mykje. Mange hadde erfaring frå å vere frivillig, og hadde vore i ulike vikariat og jobbar. Det verka til at mange hadde vore inn og ut av arbeidslivet fleire gonger.

I løpet av kursperioden kom fleire av deltakarane i jobb, utdanning eller i praksis. Mange starta også med frivillig arbeid eller fekk frivillige verv, og opplevde å stå nærmare arbeid no enn før jobbsøkarkurset starta.



² Fullt navn er *Jobbstrategi for personer med nedsatt funksjonsevne* og er ein strategi som strategien «inneholder en rekke tiltak som skal brukes til å bistå arbeidssøkere og arbeidsgivere som ansetter personer med nedsatt funksjonsevne eller tilbyr praksisplasser, blant annet en tilretteleggingsgaranti, et nytt tilretteleggingstilskudd til arbeidssøkere og flere oppfølgningstiltak.» Arbeids- og sosialdepartementet, «Jobbstrategi for personer med nedsatt funksjonsevne».

Organisasjon av og program for jobbsøkarkursa

TRE AV kursa var tredagars-kurs med overnatting på hotell og sosiale aktivitetar på kvelden. Det fjerde og siste kurset blei arrangert som ei dagsamling hjå Unge funksjonshemmede. Reise og opphald blei alltid dekkja av prosjektet slik at alle hadde muligheit til å delta uavhengig av økonomi og kor ein bur i landet.

JobbX Karrieresenter blei samarbeidspartnar på kursa på bakgrunn av deira pragmatiske tilnærming til jobbsøking mynta på deltakarar med særlege behov. Referansegruppa var sentral i utforminga av kursopplegget. I tillegg blei det nedsett ei arbeidsgruppe for prosjektet bestående av YS, JobbX Karrieresenter og NAV. Desse partane har vore med på alle kurs. JobbX har hatt ansvaret for sjølve jobbsøkardelen, YS har vore med på kursa for å bidra med opplysningar om rettane i arbeidslivet og frivillig arbeid m.m., og NAV har vore med for å informere om muligheitene og rettane som finnes og som støtte for deltakarane. Innsatsen og innspela til referansegruppa og arbeidsgruppa har vore veldig viktig for at kursa blei gjennomført på ein god måte, og me anbefaler alle som ønsker å lage liknande kurs å samarbeide med fleire aktørar.

Målet med kursa var å hjelpe deltakarane inn i arbeidsmarknaden ved å introdusere dei for muligheitene innan systemet og ved å gi dei motiverande historier frå andre menneske med funksjonsnedsettingar. På det første kurset var det fokus på muligheitene og rettane ein har i NAV, rettane ein har i arbeidslivet og korleis ein skal selje seg sjølv som arbeidssøkar. På det andre kurset var det fokus på eigenkartlegging, søknadsskriving, frivillig arbeid, intervju og motivasjon. På det tredje kurset var det fokus på å bli kvitt skrekken for å søke jobb og å trene på jobbintervju. På det fjerde og siste kurset var det fokus på jobbmestring og ulike erfaringsutvekslingar³.

³ På heimesida til Unge funksjonshemmede ligg ein detaljert oversikt over innhaldet på jobbsøkarkurset.

Viktigheten av den sosiale biten av kursa

DEN SOSIALE biten av kursa har vore ein av dei viktigaste aspektane for deltakarane. Folk har blitt venner, og Facebook har gjort at folk har halde kontakten mellom kursa.

Det blei oppretta ei lukka Facebook-gruppe etter første kurs, som har blitt brukt av nesten alle deltakarane for å halde kontakten mellom og etter kursa. Denne har blitt brukt til å dele både positive og negative erfaringar med arbeidslivet og NAV, og har blitt eit nettverk der deltakarane kan dele jobbutlysingar, tips og historier, og der prosjektleiar har bidrege med jobbutlysingar, politiske forandringar og spennande rapportar.

Deltakarane sine tilbakemeldingar viser at dei har vore veldig fornøgde med nettverket, og fleire trekk fram at dei har lært mykje frå kvarandre, at det har vore viktig å møte menneske med dei same utfordringane som dei sjølve og at det har vore nyttig å få fortalt sin eigen historie. Deltakarane synst det var godt å sjå at det ikkje berre var dei som synst jobbsøkarprosessen var utfordrande, men også at det ikkje var umogleg å få ein jobb sjølv om ein hadde stått utanfor arbeidslivet som ung.

Me anbefaler at andre som arrangerer jobbsøkarkurs også har fokus på det sosiale, fordi det har vore svært viktig for våre deltakarar. Det er også lurt å ha sosiale kveldsarrangement slik at deltakarane har mulighet til å bli betre kjent.



Kva slags utfordringar møtte deltakarane?

ME BLEI overraska over at deltakarane stod lengre frå arbeidslivet enn det me hadde forventna, og under følgjer ei oversikt over kva utfordringar og barrierar som møtte kursdeltakarane.

STOR AVSTAND TIL ARBEIDSLIVET

Sidan dette var eit jobbsøkarkurs hadde me forventningar om at deltakarane var klare og motiverte for å søke jobb, men dette var ikkje tilfellet. Ein stor del av gruppa var ikkje klare for å gå inn i arbeidsmarknaden og nokre av deltakarane hadde ingen tru på at dei nokon sinne kom til å arbeide igjen.

Den store avstanden til arbeidsmarknaden gjorde også at dei fleste kursdeltakarane følte at dei ikkje hadde eit nettverk som kunne vere til hjelp i samband med jobbsøkinga. Dette må sjåast i samanheng med at mange av deltakarane har stått utanfor arbeidslivet i lengre tid.

Dei fleste deltakarane søkte ikkje på jobbar fordi dei hadde gitt opp å få ein jobb. Derfor introduserte me deltakarane til tidligare arbeidssøkarar som hadde klart å få ein jobb, og me tok inn rådgjevarar og terapeutar for personleg rådgiving. Det var også fokus på å trene på å skrive søknader, CV og å gjennomføre intervju.

FUNKSJONSNEDSETTELSEN BLEI OPPLEVD SOM EIN SENTRAL BARRIERE

Nokre av deltakarane hadde synlege diagnosar, medan andre hadde usynlege diagnosar. Begge gruppene opplevde å møte barrierar, men på ulik måte. Dei med synlege diagnosar opplevde å bli stigmatisert og at folk trudde at dei ikkje klarte å arbeide. Mange sakna å bli sett for den personen dei er og dei evnene dei har, heller enn funksjonsnedsettinga.

Dei med usynlege diagnosar opplevde ofte å ikkje bli trudd og tilrettelagt for. Mange skulle heller ynskje at dei hadde ein synleg diagnose, slik at det blei tydeligare at dei trengte tilrettelegging og at dette var grunnen til at dei hadde nedsett arbeidsevne.

LITE KUNNSKAP OM TILTAK OG MULIGHEITENE I NAV

Det var overraskande lite kunnskap om tiltaka og mulighetene som finnes i NAV hjå denne gruppa og kurset handla derfor mykje om dette.

Det var få som visste om at dei kunne få assistanse på arbeidsplassen, hjelp til å dekke reiseutgifter og at arbeidsgivarar kan få hjelp og støtte frå NAV til å legge til rette for alle arbeidstakarar.

Mange hadde sjølv dårlige erfaringar med NAV og ønskte ikkje meir kontakt med dei enn nødvendig. Derfor var det ekstra viktig å ha informasjon om mulighetene NAV har, og at NAV var representert på kursa. Slik fekk deltakarane betre erfaringar med NAV, og det gjorde det lettare for deltakarane å samarbeide med NAV seinare.

FORDOMMAR MOT ARBEIDSGIVARANE

Mange av deltakarane var sikre på at det ikkje var arbeidsgivarar som ville tilsette dei. Mange trudde at arbeidsgivarar generelt var negativt innstilte mot arbeidssøkarar med nedsett funksjonsevne.

For å minske deltakarane sine fordommar mot arbeidsgivarar hadde me møte med arbeidsgivarar på kursa, og andre personar med funksjonsnedsettingar som hadde fått jobb fortalte om sine positive erfaringar. Møta bidrog til færre fordommar mot arbeidsgivarar, positive erfaringar og nettverksbygging.

MANGEL PÅ TILPASSA STILLINGAR

Deltakarane opplevde at det var mangel på stillingar dei kunne søke på. Arbeidsevna hjå deltakarane varierte og dei trudde dei kunne jobbe mellom 10 og 100 prosent, alt etter kva slags stilling det var og kor godt den passa dei.

Få trudde dei kunne jobbe fulltid og opplevde at det ikkje var passande deltidsstillingar for dei. Mange etterlyste også moglegheita for å gjere tilpassingar i arbeidsoppgåver og arbeidstid, eller at ein kunne arbeide heimanfrå.

Nokre etterlyste arbeidsplassar som var tilgjengelege eller universelt utforma.

MANGLANDE TRU PÅ EIGNE EVNER

Mange av deltakarane hadde mista trua på egne evner og at dei kunne bidra på ein arbeidsplass. Mange av deltakarane hadde også låg sjølvtilitt og liten tru på eigen verdi. Fleire hadde problem med å skilje funksjonsnedsettinga si frå personlegdommen sin og hadde på mange måtar blitt funksjonsnedsettelsen sin.

For å legge til rette for auka sjølvmeistring og sjølvtilitt hadde me under kursa fokus på at frivillig arbeid, utdanning, praksis og verv i organisasjonar kan vere ein viktig arena for å utvide kontaktnettet sitt og få tilbake trua på egne evner. I tillegg kan frivillig arbeid, utdanning, praksis og organisasjonsarbeid gje nyttige erfaringar som kan bringe den enkelte nærmare arbeidslivet på sikt.

Kva har me oppnådd med jobbsøkarkursa?


RESULTATA av desse kursa er ikkje målt på kor mange som har komme i arbeid, men på andre ting som mestring, motivasjon, nye nettverk og sosialt fellesskap. Det er likevel positivt å ha med seg at nokre av deltakarane som tidlegare ikkje var i arbeid, aktivitet og utdanning er det etter å ha gjennomført kursrekka.

Eit viktig resultat av kursrekka er at me har lært mykje om utfordringane som mottakarar av AAP og uføretrygd møter i jobbsøkarprosessen. Me oppdaga at arbeidslivet har vore lenger vekke frå deltakarane enn me trudde på førehand. Dette gjorde at me måtte tilpasse kursa til å handle meir om mestring og psykisk helse, då dette var viktig for deltakarane. Me måtte også sjå på andre muligheter for deltakarane i staden for arbeid, som frivillig arbeid, utdanning og praksis. Samtalane med NAV-retteleiaren blei trekt fram som nyttig for deltakarane og var med på å gi NAV eit betre rykte blant deltakarane.

Kursa har hatt positiv effekt då personar som tidlegare ikkje såg nokon mulighet for å komme i aktivitet etter kursrekka, no ser ein mulighet for å komme i arbeid. Dette kan føre til ein jobb på sikt. Kursa har vore med på å kartlegge kompetansen og bygge opp sjølvtiliten til den enkelte, og dette er viktig for at fleire skal komme i arbeid. Ei anna positiv effekt er at deltakarane har fått hjelp til og erfaring med å skrive søknader, og nokon fekk seinare jobb eller aktivitet på bakgrunn av dette.


Deltakarane har skapt eit nettverk og den sosiale biten var viktigare enn me tenkte før kursrekka kom i gang. Det å samlast i nettverk med personar som til ei viss grad har same utfordringar som ein sjølv, oppfatta deltakarane som svært positivt og dei trekte dette fram som spesielt nyttig. Nettverket har, saman med det faglige opplegget, vore viktig for å bryte ned barrierane som kursdeltakarane møtte.

For å bidra til at fleire personar med funksjonsnedsettingar skal komme i arbeid har me utarbeida to informasjonshefter: eit til arbeidssøkarar med funksjonsnedsettingar og eit til arbeidsgivarar som ynskjer å bli flinkare til å inkludere. Desse finn du blant anna på heimesida til Unge funksjonshemmede.



UNGE FUNKSJONSHEMMEDE SINE ANBEFALINGAR BASERT PÅ RAPPORTEN:

- Arbeidsgivarar må bli meir inkluderande og sjå arbeidssøkarar med funksjonsnedsettingar for den dei er og dei evnene dei har.
- Arbeidsgivarar må tilpassa stillingar i større grad. Det gjeld både i arbeidstid og arbeidsoppgåver, tillegg til at arbeidsplassar bør bli meir tilgjengelige og universelt utforma.
- For at fleire personar med nedsett funksjonsevne skal få ein jobb må ein jobbe med arbeidsgivar sine haldningar til personar med nedsett funksjonsevne.
- Det bør arrangerast fleire jobbsøkarkurs retta mot unge personar med funksjonsnedsettingar. Jobbsøkarkurs, spesielt for langtidsledige, må ha meir fokus på motivasjon og mestring.
- Det bør arrangerast kurs med fokus på livsmestring og mestring av kronisk sjukdom og nedsett funksjonsevne.
- Det må bli skapt sosiale nettverk for arbeidssøkarar med funksjonsnedsettingar.
- NAV må bli flinkare til å gjere tiltaka og moglegheitene dei har, kjent blant både arbeidsgivarar og arbeidssøkarar.
- Folk må få meir kunnskap om funksjonsnedsettingar og kronisk sjukdom, og kva det inneber og ikkje inneber.



Om Unge funksjonshemmede

Unge funksjonshemmede er ein interesseorganisasjon for 35 frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, som til saman har over 25 000 medlemmer. Sidan 1980 har me kjempa for deltaking og likestilling for unge med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar. I dag er me ein sentral kunnskapsleverandør og samarbeidspartnar for alle som jobbar med arbeidsliv, helse og organisasjonsutvikling for unge med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar.

Unge funksjonshemmede er partipolitisk uavhengig. Organisasjonen er demokratisk og sjølvstendig, og har eit eige styre, eige rekneskap og eigne vedtekter.

KONTAKTINFORMASJON

post@ungefunksjonshemmede.no
Mariboës gate 13, 0183 Oslo

PROSJEKTET ER STØTTA AV:



PROSJEKTET ER GJENNOMFØRT AV:

Unge
funksjonshemmede